

## Fager er jordi

Fager er jordi,  
herleg er Guds himmel,  
glade gjeng sjelene pilgrimsgong.  
Gjennom dei fagre  
rike på jordi  
gjeng me til paradis med song.

Tider skal koma,  
tider bort skal kverva,  
ætt skal fylgja ætt på rad.  
Aldri skal tagna  
tonen frå himlen.  
Høyr dette glade pilgrimskvad!

Englane song det  
fyrst for hyrdingflokken,  
vent det tona for sjeli mødd:  
Fred over jordi,  
menneske, gled deg!  
Oss er ein evig frelsar fødd!

Tekst: Bernhard Severin Ingemann 1850. Til nynorsk ved Gunnar Rysstad i *Syn og Segn* 1900.

Melodi: Ukjent opphav. Eldste trykte kjelda er samlinga "Schlesische Volkslieder", Breslau 1842

Kjelde: "*Det lyser i stille grender*". *Syng julia inn*, 2000